

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Sak nr.: 2015/1434-547

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		

**Fellesnemnda sin prosjekt- arbeidsplan****Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda godkjenner vedlagde prosjekt-/arbeidsplan for nemnda sitt arbeid.
2. Fellesnemnda føreset at fylkesrådmennene/prosjektleiar rapporterer på framdrifta i vedlagde framdriftsplan, og at avvik vert varsle tidlegast råd.

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

**Vedlegg:**

1. Prosjekt-/arbeidsplan for fellesnemnda (18.12.2017)
2. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017).
3. Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 5.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **2. Bakgrunn for saka**

#### **Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda får gjennom reglementet §5 i oppdrag å utarbeide ein prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. eit budsjett for samanslåingsprosessen. Fellesnemnda sin prosjekt-/arbeidsplan vil vere eit sentralt, overordna styringsdokument i det omfattande omstillingsarbeidet som no startar i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Arbeidsplanen syner fellesnemnda sine samla oppgåver og delegerte fullmakter i arbeidet med å planleggje og gjennomføre samanslåing av dei to fylkeskommunane.

Oppgåver og delegerte fullmakter er nedfelte i reglementet for fellesnemnda, som vart vedteke av begge fylkestinga 27.10.17. Ytterlegare målsetjingar, fokusområde og oppgåver for fellesnemnda er fastlagde gjennom den vedtekne intensjonsplanen for samanslåinga.

#### **Fylkesrådmennene si tilråding**

Nemninga prosjektplan skapar ei forventning om at fellesnemnda gjennom dette dokumentet syner *korleis* og *når* ulike målsetjingar med arbeidet skal nåast. Ein prosjektplan skal beskrive framdrifta det vert lagt opp til, aktørane som er involverte i prosessen og ev. planlagde kostnadar knytt til arbeidet som skal gjennomførast.

Ein slik arbeids-/prosjektplan bør generelt følgjast opp ofte, og skal slik sett vere eit «levande dokument» der fellesnemnda gjer tilpassingar fortløpende. Planen syner eit overordna budsjett og ei kortfatta vurdering av arbeidet/prosjektet sine usikkerheiter (m.a. risikovurdering knytt til framdrift og kostnader).

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å godkjenne vedlagde prosjekt-/arbeidsplan for nemnda sitt arbeid. Fellesnemnda føreset at fylkesrådmennene/prosjektleiar rapporterer på framdrifta i vedlagde framdriftsplan (i prosjekt-/arbeidsplanen), og at avvik vert varsle tidlegast råd.